

Inga Ragnhild Skogseth

Eit innsyn i omsorgsrolla

Ei lesing av *Yt etter evne, få etter behov* (2021) av
Olaug Nilssen

Bacheloroppgåve i NORD2901
Rettleiar: Filippa Christina Widahl
Juni 2023

Inga Ragnhild Skogseth

Eit innsyn i omsorgsrolla

Ei lesing av *Yt etter evne, få etter behov* (2021) av Olaug Nilssen

Bacheloroppgåve i NORD2901
Rettleiar: Filippa Christina Widahl
Juni 2023

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for språk og litteratur



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Samandrag

I *Yt etter evne, få etter behov* (2021) av Olaug Nilssen møter vi ein familie som er pårørende til ein tenåring med autismespekterforstyrning og psykiske funksjonsnedsetjingar. Romanen framstiller ein krevjande omsorgssituasjon frå ulike perspektiv, og desse portretta kan problematisere konvensjonar og forventningar til omsorgsrolla. I denne oppgåva har eg undersøkt kva for innsikt i omsorgsrolla ein kan tileigne gjennom ei lesing av romanen. Eit fleirfagleg perspektiv av omsorgsomgrepet ligg til grunn, og artikkelen til Maurice Hamington «The Will to Care» (2010) har gjort det mogleg å knyte omsorgsomgrepet opp mot skjønnlitteratur, nærare bestemt romanen. Omsorgsrolla er kompleks og mangfaldig, men i følge min analyse kan ein tileigne ei meir nyansert og sympatisk forståing av særskilte omsorgssituasjonar gjennom ei lesing av romanen – i hovudsak grunna dei ulike perspektiva vi får historia fortalt gjennom.

Abstract

In the novel *Yt etter evne, få etter behov* (2021) written by Olaug Nilssen, we encounter a family whose members are caregivers to a teenager with autism spectrum disorder and mental disabilities. The novel portrays a demanding caregiving situation from various perspectives, and these portrayals can problematize conventions and expectations of the caregiving role. In this study, I have investigated the insights into the caregiving role that one can gain through reading the novel. A multidisciplinary perspective of the concept of caregiving underlies the analysis, and Maurice Hamington's article "The Will to Care" (2010) has facilitated the connection of the caregiving concept to literature, specifically the novel. The caregiving role is complex and diverse, but according to my analysis, a more nuanced and sympathetic understanding of specific caregiving situations can be acquired through a reading of the novel – primarily due to the various perspectives through which the story is narrated.

Innhald	
1 Innleiing.....	7
1.1 Bakgrunn	7
2 Teori	8
2.1 Omsorg.....	8
3 Narrativ analyse av Yt etter evne, få etter behov	9
3.1 Handlingsreferat.....	9
3.2 Utforsking av omsorgsrolla gjennom skiftande fokalisering	9
3.3 Brot i kronologien og eit heilskapleg bilete på omsorgssituasjonane	12
3.4 1. desember; eit unntak.....	14
4 Innsikt i omsorgsrolla: diskusjon og funn	14
Litteratur.....	16

1 Innleiing

«Livet blir ikkje betre av å ha eit barn med autisme, det blir annleis» (Nilssen, 2017), seier forfattar Olaug Nilssen i eit intervju med pårørandesenteret. Helsenorge forklarar autisme som «en utviklingsforstyrrelse som fører til vansker med gjensidig sosialt samspill, kommunikasjon og språk.» (Helsenorge, u.å.). Autismeforeninga viser til at å vere pårørande til personar med autismespekterdiagnose (ASD) kan vere utfordrande – og at omsorgspersonar for barn med ASD må vere førebudd på å leggje til rette for anna type omsorg enn for barn med normalutvikling (Autismeforeningen, u.å.). Desse forholda er tematisert i romanen *Yt etter evne, få etter behov* (2021) av Olaug Nilssen. I romanen møter vi omsorgspersonar ovanfor, og pårørande til, eit barn med autisme og psykisk funksjonsnedsetjing. I denne oppgåva er målet å undersøke problemstillinga: «Kva for innsikt i omsorgsrolla presenterast av Nilssens *Yt etter evne, få etter behov*?»

I undersøkinga av problemstillinga vil det gjerast ei nærlesing av romanen *Yt etter evne, få etter behov*. Dette realiserast gjennom ein narrativ analyse, der hovudfokuset vil rettast mot to grep ved romanen sin narratologi: skiftande fokalisering og brot i kronologien. For å danne eit teoretisk grunnlag for analysen vil det gjerast greie for fenomenet omsorg; gjennom dette er målet å tileigne eit overblikk over kva slags normer og konvensjonar som ligg til grunn for omsorgsrolla. Det vil òg visast til artikkelen *The Will to Care* av Maurice Hamington (2010), for å etablere eit fundament for å kople omsorgsteori opp mot skjønnlitteratur. Deretter vil analysen gjennomførast, og målet vil vere å sjå ulike omsorgssituasjonar i romanen opp mot teori og analysefokus. Funna frå analysen vil vidare nyttast i ein diskusjon av omsorgsrolla og kva romanen kan gi av innsikt til ulike omsorgssituasjonar. Avslutningsvis vil dei mest sentrale funna oppsummerast. Først vil romanens bakgrunn og resepsjon kort presenterast.

1.1 Bakgrunn

Olaug Nilssen (f.1977) har etter sin debut i 1998 kome med fleire bidrag til å bryte ned tabubelagt tematikk, og både gjennom brotet *Få meg på for faen* (2005) og romanen *Tung tids tale* (2017) skapa stort engasjement (Samlaget, u.å.). *Tung tids tale* (2017) kan seiast å vere banebrytande i sitt portrett av pårørandesituasjonar rundt barn med autismespekterdiagnosar. Denne tematikken vidareførast av Nilssen i *Yt etter evne, få etter behov*, men i motsetjing til *Tung tids tale* som hadde eit meir sjølvbiografisk preg, presenterer forfattaren her ei fiktiv forteljing. Nilssen har vore open om at ho har ein son med autismespekterdiagnose og psykisk utviklingshemming, og sjølv om dette ikkje blir vektlagt vidare her, kan ein sjå forfatterskapet til Nilssen som eit truverdig bidrag i formidlinga av pårørandehistorier rundt barn med funksjonsvariasjonar.

«Ein knallsterk roman om kva som skjer når behovet sprengjer alle rammer» heiter det i NRK si bokmelding av *Yt etter evne, få etter behov* (Norheim, 2020), og Bjørn Gabrielsen i *DN* melder «så nådeløst og forståelsesfullt skrevet at leseren gisper etter luft.» (Gabrielsen, 2020). Romanen vart godt motteke, og tildelt høge terningkast av fleire aviser, inkludert *VG*, *Dagbladet* og *Bergensavisa*. Gjennomgåande i bokmeldingane er inntrykket av at romanen leverer eit skarpt, humoristisk, varmt og truverdig familieportrett.

2 Teori

I det følgjande vil det gjerast greie for fenomenet omsorg, med ei målsetjing om å få eit oversyn over eksisterande konvensjonar knyta til omsorgsomgrepet, omsorgsrolla og omsorgssituasjonar. Deretter vil det presenterast sentrale idear frå Maurice Hamington (2010) angående omsorgsutøving og korleis ein kan nytte litteratur i forståinga av omsorg.

2.1 Omsorg

Det er truleg bred einigheit om at å gi, og få, omsorg er blant dei mest grunnleggjande eigenskapane og behova menneskjer har, og at det alltid har hatt stor tyding for menneskeheita (Nåden et al., 2018). Trine Klette og kollegaar har undersøkt fenomenet omsorg frå eit fleirfagleg perspektiv – høvesvis diakoni, sjukepleie og tilknytningsteori (Klette et al., 2016). Det visast til sjukepleiar og filosof Kari Martinsen som forklarar at omsorg kan forståast på ulike nivå og kan vise til ein menneskeleg tilstand, eit moralsk imperativ eller ideal, eit mellommenneskeleg forhold eller ein terapeutisk intervensjon (Klette et al., 2016). Martinsen (2003) presenterer ulike kvalitetsdimensjonar ved omsorgsfenomenet deriblant at omsorga berre er ekte om omsorgsgivaren forhold seg til *den andre* ut frå ei haldning som anerkjenner denne personens situasjon (Klette et al., 2016). Dagfinn Nåden og kollegaar viser til at oppfatningar om omsorg ofte inneber verdiar som nestekjærleik, solidaritet, verdigheit, medkjensle og barmhjertigheit (Nåden et al., 2018).

I *The Will to Care* hevder filosof Maurice Hamington at omsorg ('*care*') først og fremst handlar om utøving av omsorg (Hamington, 2010). Omsorga er her legitimert ved utøving; dei empatiske kjenslene i eins indre liv tileignast ein etisk dimensjon først når kjenslene er omgjort til handling (Hamington, 2010). Det presiserast korleis omsorgsutøving aldri skjer i eit vakuum; utøvinga ('*performance*') skjer i ei sosial verd og er observert (Hamington, 2010). Hamington (2010) skriv òg at ein helst utøver omsorg ved trua om at ein vil vere suksessfull med omsorgsutøvinga. Det visast til forventningsteorien til Victor Vroom (1964) der motivasjonen til å handle er bestemt av potensialet i desse tre kausale koplingane:

- i) innsats (*Effort*) → handling (*Performance*),
- ii) handling → utfall (*Outcome*)
- iii) utfall → tilfredsstilling (*Satisfaction*) (Vroom, 1964).

Det er også vist til den eksisterande forventninga til omsorg innanfor nære kretsar, og at mislukka omsorg innanfor desse kretsane ofte vil forklarast ved formildande omstende som til dømes depresjon, stoffmisbruk og traume (Hamington, 2010).

I følgje Hamington er fundamentet for omsorg basert på kunnskap og empati, men at innleving ('*imagination*') er naudsynt for å kople empatien og kunnskapen til handling. Dette poengterast vidare med argumentasjon for at kunst utdannar mottakarar om omsorgsutøving (Hamington, 2010). Det visast til filosof Martha Nussbaum (1995) som trekkjer fram den særskilde koplinga mellom konstruerte karakterar og den implisitte lesaren. Lesaren vil dele erfaringa og den konkrete situasjonen til karakterane og kan dermed identifisere seg med, og få sympati for, karakterane (Nussbaum, 1995, s. 7). Kunst kan, i følgje Hamington «fange individ i sympatiske imaginære prosesser ulikt andre medium» (Hamington, 2010, s. 690, mi oversetting). Med andre ord er det grunnlag for å tru at ein gjennom lesing kan få auka sympati for andre, gjennom lesarens eigen innlevingsevne i karakteranes situasjon.

3 Narrativ analyse av *Yt etter evne, få etter behov*

I det følgjande vil det gjennomførast ein narrativ analyse av *Yt etter evne, få etter behov*. Analysen vil ta for seg forhold ved romanens narratologi som kan gi innsikt i omsorgsrolla, og i hovudsak vil det fokuserast på to grep; *skiftande perspektiv og fokalisering & brot i kronologien*. Innleiande presenterast eit kort handlingsreferat.

3.1 Handlingsreferat

I romanen *Yt etter evne, få etter behov* møter vi Rakel, som har åleineansvar for nevøen Benjamin. Benjamin er ein tenåring med funksjonsvariasjonar og som behøver omsorg døgnet rundt. Benjamins mor, Lea, slit med daglege oppgåver og meiner sjølv at ho har posttraumatisk stresslidning (PTSD). Lea si syster, Rakel, er den som i størst grad hjelper Lea i kvardagen. Resten av familien består av foreldra til systrene, Gudrun og Sverre, og den yngste systema, Linda. Som eit resultat av belastninga med å ha åleineomsorga for Benjamin er ikkje Rakel til stades når ein tilsett frå Benjamins avlastningsheim skal levere han heime hjå Rakel den 1. desember. Resten av familien må då ta vare på Benjamin, og dei mistar han av syne. Rakel møter resten av familien og ho finn Benjamin i ein bekk. Det siste vi får vite er at heile familien skal ha eit møte, og at dei skal heim til Rakel.

3.2 Utforsking av omsorgsrolla gjennom skiftande fokalisering

I det påfølgjande vil det undersøkast korleis grep som omhandlar den narrative kommunikasjonen i romanen kan gi innsikt til omsorgsrolla og påfølgjande tolking av verknaden til grepa. I denne samanhengen vil det vere relevant å rette oppmerksemda mot ulike omsorgssituasjonar som er skildra i romanen, og dermed ulike innfallsvinklar til omsorgsrolla.

Yt etter evne, få etter behov er ei forteljing om omsorgspersonar, og historia er fortalt gjennom karakterane Petter, Lea, Rakel og Gudrun. I løpet av 12 kapittel med skiftande sentralperspektiv, blir historia fortalt frå dei gjevne karakteranes førstepersonsperspektiv med intern fokalisering, som her vist ved Lea: «Dette er forresten ein av grunnane til at eg meiner eg har posttraumatisk stresslidning.» (Nilssen, 2021, s.132). Lesaren får dermed presentert fire ulike sentralperspektiv gjennom romanen. Dei kan på kvar sitt vis hevdast å skildre forhold og situasjonar på ein distinktiv måte. I ei undersøking av omsorgsrolla sjåast det som føremålstenleg å undersøkje korleis sentralperspektiva kan vise til ulike forhold ved omsorgsrolla. Vidare sjåast det som nyttig å snevre omsorgsrolla inn til å omhandle desse dimensjonane; i) å gi, eller prøve å gi, omsorg, & ii) å få omsorg. Eit spørsmål som vidare ligg til grunn for denne delen av analysen er: Korleis påverkar det oss at vi ikkje klarar, eller er den einaste som klarar, å yte omsorg?

I møte med karakterane er det nesten unntaksfritt i eigne distinktive soner. Vi ser karakterane i deira eigne notidssituasjonar og ved refleksjonar rundt tidlegare forhold. Det førekjem med andre ord sjeldan at karakterane har direkte dialog og eksisterer i same sone på notidsplanet. I møte med karakterane i romanen får lesaren ved fleire tilfelle presentert ulike innfallsvinklar til dei same konfliktane eller situasjonane. Eit døme på ei konflikt som forklarast frå fleire perspektiv er mellom Rakel og foreldra. I romanen er Rakel frustrert då foreldra verken vil hjelpe til med Benjamin, eller innrømme at dei ikkje klarar å hjelpe til: «Dersom dei kunne vere i stand til å seie rett ut at dei ikkje *klarte det*, ville mykje vere enklare» (Nilssen, 2021, s.137). Gjennom Gudrun sitt perspektiv får ein derimot kjennskap til kvifor besteforeldra ikkje ønskjer å passe Benjamin:

Men då han opna dei øvste hyllene og begynte å dra ut desse krystallglasa, fekk eg eit slik raseri over meg som eg trur eg aldri før har kjent, same kor sint eg faktisk har vore, særleg på Lea. Eg tok tak i beina hans og drog han ned, overkroppen slo mot skaphyllene og disken, andletet trefte ein utståande lukkemekanisme og fekk ei skrape. (...) Der heldt romsteringa fram, og vi visste ikkje kva vi skulle gjere. (...) Sverre og eg har ikkje snakka med nokon om det som skjedde. Vi snakkar ikkje med kvarandre om det heller, ikkje anna enn som innforstått premiss når vi fortel kvarandre at vi har blitt bedt om å hjelpe til med Benjamin. - Vi seier nei til det. (Nilssen, 2021, s.112, s.114).

I det at lesaren inviterast inn til både frustrasjonen til Rakel og kvifor det er vanskeleg for besteforeldra, opnar det opp for eit nyansert blikk på situasjonen dei er i. I mi tolking viser utdraget over manglande kunnskap og evne til å takle situasjonen hjå besteforeldra, uavhengig av gode intensjonar og vilje om å utøve omsorg. Å utøve omsorg for nær familie kan konvensjonelt sett sjåast som ei sjølvfølge (Hamington, 2010). Når Gudrun og Sverre opplever å ikkje meistre denne omsorga, kan det forståast som vanskeleg å ytre at dei kjem til kort – ovanfor både Rakel og kvarandre. Dette kan sjåast som eit vitnesbyrd på det vanskelege ved manglande evne til å ta vare på egne barn eller barnebarn, som forventa. Situasjonen skildrast av Rakel som at dei andre kviler i det: «dei gongane eg har sett han [Sverre] halde oss fram som fantastiske eksempel til vener og slektningar, ser eg også kor han kviler i det.» (Nilssen, 2021, s.30).

Ifølgje Hamington (2010) kjem viljen til omsorg frå ein stad med kunnskap og empati, men vidare er innleving naudsynt for at dette skal føre til omsorgshandling. I det følgjande vil det undersøkast om det er nettopp førekomst av innleving som gjer at Rakel i større grad enn dei andre kan yte omsorg. Fleire gong kan det tolkast som Rakel har denne forståinga, som til dømes gjennom Gudrun: «Det er greitt å prøve å setje seg inn i og forstå psykisk sjukdom, slik som Rakel argumenterer for» (Nilssen, 2021, s.101), eller gjennom Lea: «Rakel har aldri nekta for symptoma mine, i alle fall ikkje til meg.» (Nilssen, 2021, s.23). Korleis kjem denne forståinga til uttrykk i handling – og kva medfører det for Rakel? Eit slik døme kan ein finne i ei konflikt mellom Rakel og den tidlegare kjærasten Torfinn, som vist ved dette utdraget:

Der eg lærte meg balansen mellom venlegheit og kommando, klarte ikkje Torfinn å gje slepp på «kan du» og «vil du» og «trur du ikkje». – Benjamin er ikkje ein hund, gret han, ein gong eg eksploderte og sa at han måtte berre slutte å bruke babystemme og innsmigring, han mått seie «set deg ned», ikkje «kan du vere så snill å setje deg her ved sida av meg», og det var ikkje til å tru at han ikkje begreip dette, etter så mange møte og så mange forklaringar av tilstanden til Benjamin. – Nei, men han er autist. (Nilssen, 2021, s.86, s.87).

I mi tolking viser utdraget at Torfinn og Rakel har ulik oppfatning av kva som er god omsorg for Benjamin. Ved manglande forståing av tilstanden til Benjamin kan ein, i dette tilfellet Torfinn, oppleve dissonans ved å måtte utøve den omsorga som for Benjamin kan vere den objektivt sett beste. Denne dissonansen kan sjåast som utløyst av konvensjonelle forståingar av omsorgsoppgrepet som kan knytast til nestekjærleik, solidaritet, verdigheit, medkjensle og barmhjertigheit (Nåden et al., 2018). Torfinn kan tolkast som å meine at kommandoane til Benjamin er bortimot inhumane i ytringa: «Benjamin er ikkje ein hund» (Nilssen, 2021, s.86). Rakel og Torfinn, med heilt ulike innfallsvinklar, portrettere forskjellige perspektiv å møte omsorgssituasjonen frå. Difor er det rimeleg å anta, i tråd med Hamington (2010), at dei vil oppleve ulik grad av tilfredsstillande utfall ved omsorgsutøvinga, som vidare vil føre til varierende grad av motivasjon til å fortsetje den. Rakel kan seiast å utøve omsorg frå eit anerkjennande og kunnskapsbasert standpunkt, men det er truleg utilstrekkeleg å anta at innfallsvinkelen

hennar åleine gir sterk nok motivasjon til å stå i omsorgssituasjonen. I det følgjande vil det undersøkast om Rakel har eit reelt val når det gjeld å yte omsorg.

Mot slutten av romanen erkjenner Rakel at ho *har* hatt for mykje, til sjefen sin Heine, som vist her:

Har det blitt for mykje? spurde han, og det var eit enkelt spørsmål, eit heilt enkelt spørsmål, men det var som om dette var første gong i livet eg forstod at det gjekk an å svare anten 'ja' eller 'nei'. – Ja, sa eg. (Nilssen, 2021, s.185).

Ei tolking av utdraget kan vise til at Rakel tidlegare har mangla eit reelt handlingsrom for å erkjenne at det er for mykje. Ho skildrar at det er «uforsvarleg at eg har han åleine, frå morgon til kveld, og når det er vakenetter.» (Nilssen, 2021, s.138); men kva tyding gjer det at Rakel tykkjer det er uforsvarleg å vere åleine med Benjamin om det ikkje finst noko anna alternativ?

Oppsummert kan Rakel sitt perspektiv opne opp for å stille spørsmål rundt kva det medfører å vere den einaste som kan yte omsorg ovanfor eit barn ein, i følgje alle konvensjonar, *skal* gi omsorg til. Rakel sin frustrasjonen – over manglande forståing rundt kva omsorgssituasjonen *inneber*, og over manglande handling frå familiemedlemmar – er noko gjennomgåande i Rakel sitt perspektiv. Frå min ståstad vil frustrasjonen akkumulere i spørsmålet: *Om ikkje Rakel*, «Kven skal passe på Benjamin?» (Nilssen, 2021, s.137).

I det følgjande skal det undersøkast korleis perspektivet til Lea kan gi innsikt i det å få omsorg. Kva krev det å stå i ein særskilt omsorgssituasjon i fleire år åleine, og kva gjer det med nokon å måtte gi den opp? Bakgrunnen for Lea sitt omsorgsbehov er at ho meiner å ha posttraumatisk stresslidning (PTSD) på grunn av åra med Benjamin. Dette førte til at ho måtte gi opp omsorga, og når vi først møter Lea, distingverer ho ikkje mellom å vere omsorgsperson og å vere mor – i sitt fråvær av omsorgsutøving ytrar ho: «Eg er ikkje mor.» (Nilssen, 2021, s. 18). Det er rimeleg å anta at det er sterke konvensjonelle knyteband mellom det å vere mor og å vere omsorgsgivar ovanfor barnet sitt. Karakteren Lea har gått gjennom ei utvikling der ho var omsorgsgivar i ein krevjande omsorgssituasjon, til å sjølv få eit tydeleg omsorgsbehov. Med det kan ein seie at den ytste konsekvensen av Lea sin omsorgssituasjon med Benjamin er at ho på notidsplanet meiner å ha utvikla PTSD. Lea meistrar ikkje kvardagslege gjeremål, og innleiingsvis i lesarens første møte med Lea står det: «I dag har eg så langt utført tre oppgåver. Eg har stelt meg, kledd meg og tømt oppvaskmaskina. (...) På sikt vil det bli automatisert, slik det var før.» (Nilssen, 2021, s.15), som kan vise at situasjonen har endra seg for Lea – oppgåver som tidlegare var automatiserte opplevast på notidsplanet som milepælar. Nilssen kan seiast å nytte forstålege storleikar til å forklare kompliserte forhold - som inviterer lesaren inn til det vanskelege ved Lea sin situasjon. Ein situasjon som er prega av at Lea opplever psykiske plagar – eit utgangspunkt som i stor grad baserast på sjølvrapportering. Korleis blir Lea møtt av sine næraste og dei som skal hjelpe ho? Kva kan hennar perspektiv fortelje oss om å vere psykisk sjuk og, ikkje minst, heilt utsliten?

Det er, etter mi tolking, eit gjennomgåande forhold ved karakteren Lea at ho opplever å bli møtt med mistru, av medlemmar i familien men også av legen: «Når eg seier slike ting til legen, er det som om han har lukka øyra før eg begynner. Ingen notat, ingen relevante spørsmål for å kunne plotte inn symptom i eit skjema.» (Nilssen, 2021, s.125). Her forståast det som at legen opptrer annleis enn Lea forventar at han skal i ein konsultasjon, og at dette kjem frå at ho melder om psykiske helseplagar. Ein kan finne eit implisitt budskap ved at ho blir møtt annleis ved fysiske plagar. Å bli møtt med mistru og lite forståing når ein strevar med psykiske plagar kan argumenterast å vere belastande, og lesaren får tilgang til forhold som indikerer at Lea har PTSD: «Berre eg høyrer han [Benjamin] i døra, begynner eg å hyperventilere.» (Nilssen, 2021, s. 23). Å

vere kvalifisert helsepersonell gjer at ein i utgangspunktet kan vere forventa å vere ein god omsorgsgivar. Dermed kan ein også argumentere for at ein i omtale om til dømes psykisk sjuke burde utøve varsemd.

I konflikten mellom Lea og veslesyster Linda, tolkast det her som at det er ei kjensle av denne mistrua som ligg til grunn. Linda er lege og er ingen tydeleg bidragsytar i omsorga ovanfor Lea eller Benjamin. Viss ein ser karakteren Linda opp mot Hamington (2010), kan det argumenterast for at Linda både har *kunnskap*, som lege, og *empati*, som syster, for Lea, men at ho ikkje når *innlevingsaspektet* som må ligge til grunn for å ville handle på kunnskapen og empatien, som her vist gjennom Rakel:

både Lea og eg skjulte Linda på Facebook då ho la ut ein kronikk frå ein legekollega om at det ikkje kom til å gå bra med oss dersom det å vere *sliten* skulle vere nok til at folk lét vere å gå på jobb (Nilssen, 2021, s.43)

Linda si moglege manglande forståing for Lea sin situasjon kan også visast gjennom denne ytringa i samtale med Gudrun: «Kvifor toler ho så lett å miste han, la han gli unna, vere Rakels barn i staden for sitt?» (Nilssen, 2021, s. 100). I mi tolking viser Lea sitt perspektiv at det er alt anna enn toleleg å miste Benjamin.

Lea og foreldra har også eit anstrengt forhold, og når vi møter Lea har ho ikkje snakka med foreldra sine på eit halvt år. Når Gudrun ringer, etter dette halve året, og spør om Lea har begynt å sjå Benjamin igjen, skildrast Lea sin reaksjon slik:

Kroppen skreik etter sigden i Hay Day, etter potetgull med dipp, etter *Home and Away* på tv, etter flatbrød, spekeskinke og rømme, men det er jo umogleg å forklare henne dette, det er umogleg å vise denne sida av meg sjølv, for ho er blind for den (Nilssen, 2021, s.63).

Her tolkast det at Lea sine kjensler om at mora er «blind» for den sida av henne, er ein indikasjon på at Lea heller ikkje føler mora har forståing for situasjonen hennar. Den einaste som gjennom Lea sitt perspektiv skildrast å ha forståing for situasjonen hennar er Rakel: «Eg hadde Rakel. Eg har Rakel. Størst av alt er kjærleiken.» (Nilssen, 2021, s.125). Det var også Rakel som hjelpte Lea då ho var på sitt verste: «Det var Rakel som kjøpte inn matvarer til meg, ho kom køyrande i den vesle elbilen sin kvar måndag morgon, presis som ei kommunetilsett heimehjelp, ho mangla berre kommunelogoen på bilsida.» (Nilssen, 2021, s.17). Lea sitt perspektiv kan med andre ord opne opp for forståinga av kor belastande ein slik omsorgssituasjon kan vere. Perspektivet kan også gi innsikt i korleis det er å bli møtt med mistru og skepsis av både familiemedlemmar og av offentlege instansar.

Oppsummert forståast det her som at grepet med å variere sentralperspektiv kan gi innsikt i omsorgsrolla ved å portrettere ulike innfallsvinklar og utgangspunkt i møte med omsorgssituasjonar. Lesarane har større tilgang på dei ulike perspektiva enn karakterane har gjennom historia, og det sjåast her som ei vellukka framstilling av både det å gi, og det å få omsorg. Vidare vil det fokuserast på relevante trekk ved romanens kronologi.

3.3 Brot i kronologien og eit heilskapleg bilete på omsorgssituasjonane

Her vil det setjast søkelys på romanens kronologi. Det vil i hovudsak fokuserast på to grep, brot i kronologi og bruk av analepser, og korleis desse grepa forklarar to forhold: at Lea måtte gi opp omsorga, og sjølvforståinga til Rakel.

Nilssen nyttar forteljarteknikken analepser i stor grad gjennom heile romanen. Ifølgje litteraturforskar Per Thomas Andersen grip ei analepse tilbake i tida og vil kunne gi større innsikt i emosjonelle reaksjonar og handlingar på notidsplanet som det elles ville

vore vanskeleg å forstå (Andersen, 2012). Handlinga på notidsplanet dekkjer sju enkeltstående dagar frå 15. november til 1. desember, og forteljningas kronologi er fragmentert og ikkje-lineær. Til dømes startar romanen på den siste dato, 1. desember.

Når Petter i romanens første del skal levere Benjamin den 1. desember og Rakel ikkje er til stades, får ikkje lesaren vidare innsikt i kva som er grunnen – som kan vise til at noko uvanleg har skjedd (Andersen, 2012). I resten av romanen, som kronologisk sett hender før den 1. desember, kan skildringane av Rakel forståast som framstillinga av ein idealfigur av ein omsorgsperson. Dermed vil dette frampeiket, at Rakel ikkje er til stades for å ta imot Benjamin, allereie i starten vise til det som opplevast som historias hovudkonflikt: kven skal ta det ansvaret ingen klarar?

Lesaren får seinare i romanen innblikk i kvifor Rakel ikkje møtte opp den 1. desember, når ho samtidig erkjenner at det er blitt for mykje til Heine. Nett etter erkjenninga relaterer Rakel til songteksten: «jeg trodde det var jeg som skulle redde deg» (Nilssen, 2021, s.185), og Rakel ytrar: «Eg er ikkje Jesus.» (Nilssen, 2021, s.186). Her tolkast det som at dette vendepunktet medfører ei indre konflikt for Rakel grunna sjølvoppfatninga hennar som omsorgsperson, og opplevinga kan forståast som endevendande for Rakel: «det var som alt i livet mitt møtte seg sjølv her eg sat, kroppen, minna, sjølvoppfatninga, Benjamin.» (Nilssen, 2021, s.185). Gjennom analepser får lesaren innsikt i korleis Rakel fungerte i ei omsorgsrolle som barn, her fortalt gjennom Gudrun: «Rakel gjorde godt. Ho må ha likt det også, denne omsorgsrolla, ho må ha likt det.» (Nilssen, 2021, s. 104). Rakel si sjølvforståing er også at ho er flink, som vist her fortalt: «Eg var jo ei flittiglese, det visste eg sjølv, og etter kvart gjennom oppveksten blei det meir og meir oppleve og vedtatt at det var slik eg var.» (Nilssen, 2021, s.79). Dette tolkast her som at sjølvoppfatninga til Rakel har vore ganske klar på dette området, og at ho opplever ein slags dissonans ved å oppleve, eller innsjå, at det er for mykje.

På notidsplanet har Benjamin hatt vedtak på institusjonsplass i to år, men han bur fortsett heime: «Det hender eg [Rakel] spør kommunen om korleis det ligg an med nye bustader for barn, det ligg aldri betre an enn førre gong eg spurde.» (Nilssen, 2021, s.138). Ein mogleg parallell kan finnast mellom Lea og Rakel sine opplevingar; det verkar som om begge systrene har uttrykt ønskje om avlasting gjentekne gongar, men at dei opplever at det må noko meir akutt til, for å få ein reaksjon.

Hendinga som fører til at Lea må gi frå seg omsorga for Benjamin skjer når Benjamin går laus på godterihylla i matvarebutikken:

Eg skulle jo stoppe Benjamin. Før eg svima av, hugsar eg at eg tenkte at han var så fin når han var glad. Etter dette kom institusjonsvedtaket, magisk utløyst av ei offentleg scene, det er så ironisk at eg framleis gjer ein grimase av tanken på det. (Nilssen, 2021, s.66).

Utdraget visar til at det på dette tidspunktet hadde vore etterspurt institusjonsvedtak tidlegare, og det indikerer at det har vore vanskeleg å få fatta eit slik vedtak. Eit gjennomgåande forhold kan sjåast som det at det offentlege ikkje grip inn før det *må* – som også vist ved Petter: «dei fekk vedtak om full institusjonsplass då mora braut saman. Men no har han budd hos henne i to år, så kommunen har nok slått seg til ro med at tanta klarer det.» (Nilssen, 2021, s. 11).

Gjennom analepser og tilhøyrande refleksjonar ved notidsplanet får ein innblikk i livet Lea hadde som omsorgsgivar ovanfor Benjamin. Dei retrospektive referata viser blant anna til Benjamin sin barndom, og korleis Lea lenge hadde ei målsetjing om å gjere han frisk. Lea kallar det den: «urealistiske iveren. Eg forventar at han skulle bli frisk. Tenkte ut korleis han skulle bli det.» (Nilssen, 2021, s.128). Lea – ved å aktivt håpe og

arbeide mot at Benjamin skulle bli frisk – kan seiast å ha, i tillegg til praktiske krevjande forhold, stått i ein emosjonelt krevjande omsorgssituasjon. Lea uttrykkjer at ønsket om å få Benjamin frisk har bidrege til at ho har PTSD: «Dette er forresten ein av grunnane til at eg meiner eg har posttraumatisk stresslidning.» (Nilssen, 2021, s.132).

Analepsene og brot i kronologien sjåast her som vellukka for å gi lesaren betre innsikt i omsorgssituasjonane karakterane står i på notidsplanet. Det gis større forståing for sette rollar innanfor familien, og rekkevidda av belastningar særskilte omsorgssituasjonar kan føre med seg. Dette forståast her som å bidra til å skape eit meir heilskapleg bilete på dei gjevne situasjonane.

3.4 1. desember; eit unntak

Ovanfor har det vore gjort greie for trekk ved romanen som kjenneteiknast ved at karakterane er i eigne distinktive soner, og lite førekomst av dialog. Eit unntak ved dette er dei to siste delane ved romanen, som føregår den 1. desember. Benjamin er forsvunne, og familien leiter. Denne situasjonen kan forståast som eit slags klimaks, der alle i familien er til stades og må bidra, som vist ved utdraget:

I mørket ser eg [Lea] tjernet som eit svart sug, granene står som tårn rundt det heile, bekken klukkar forsiktig, ufortent lystig. Benjamins lue er borte, og han er raud både på øyra og på nasen. Andletet hans er verken redd eller sint, men han dyttar Rakel bort. – Å nei, du, seier Rakel. – Det der kan du berre gløyme, held ho fram, og så klemmar ho han hardt inntil seg medan tårene trillar. Pappa rapporterer om meldingssvar frå Linda, dei har avtalt at ho og mamma skal gå mot parkeringsplassen med det same. (Nilssen, 2021, s.191).

Fram til dette punktet har lesaren sett karakterane gjennom distinktive soner og analepser, men i dette klimakset skjerpast historia og vi opplever karakterane «her og no». Graden av detaljar og sceniske skildringar gjer at lesaren inviterast inn i situasjonen i større grad enn andre delar av romanen, og dette byggjer oppunder spenninga i situasjonen. Denne hendinga er ved slutten av romanen, og familien må på dette punktet ta stilling til kven som skal passe Benjamin.

4 Innsikt i omsogsrolla: diskusjon og funn

Sjølv om fenomenet omsorg er naudsynt på grunn av blant anna biologiske og evolusjonære omsyn, kan det argumenterast for at forventningane som finst til omsorgs- og pårønderrolla vil vere knyta til kulturelle føringar. Det er også rimeleg å anta at ein ikkje kan forstå nokon kultur utan å rette oppmerksomd mot dei menneska som lever i den gjevne kulturen. I det følgjande vil nokre forhold i romanen som eg meiner kan gi betre grunnlag for å møte konvensjonane rundt omsorg diskuterast. Korleis kan desse forholda bidra til å skape ein meir sympatisk og forståingsfull innfallsvinkel i møte med menneskjer i særskilte omsorgssituasjonar?

Å setje normer og forventningar til omsogsrolla under søkelyset i litteraturen kan i beste fall bidra til å auke innsikta rundt mangfaldet av situasjonar, og menneskjer, som krev omsorg – og korleis dette pregar omsorgsgivaren. Det er rimeleg å anta at føringane som ligg til grunn for omsogsrolla i stor grad er tufta på konvensjonelle omsorgssituasjonar – til dømes forholdet mellom sjukepleiar og pasient, småbarn og foreldre. Å forstå distinksjonane mellom konvensjonelle og meir særskilte omsorgssituasjonar kan tileigne eit perspektiv som unngår å tilskrive primære omsorgsgivarar eit åleineansvar og sterke moralske implikasjonar. Dermed kan ein unngå at foreldre som kjem i ein liknande situasjon som karakteren Lea, får ei sjølvforståing

som henne: «Eg er ikkje mor.» (Nilssen, 2021), berre på grunn av manglande omsorgsutøving. Eit anerkjennande utgangspunkt ovanfor dei praktiske og emosjonelle belastningane særskilte omsorgssituasjonar kan føre med seg, kan også bryte ned stigma og gjere det lettare å innrømme at ein ikkje meistrar omsorgsutøvinga, som i tilfellet til Sverre og Gudrun.

Historiene til Lea og Rakel utfordrar haldninga om at vi skal godta at nokon står i krevjande situasjonar, så lenge dei *klarar* det – og at ein ikkje skal få hjelp før ein møter veggen. Denne moglege kritikken vil også famne om kva for verdiar ein finn i ein velferdsstat med offentlege hjelpetenester; skal desse bli reduserte til å berre vere brannsløkkingsapparat etter menneskjer møter veggen? I §3-1. i Helse- og omsorgstenestelova står det at: «Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester.» (Helse- og omsorgstjenesteloven - hol, 2011). Det ligg eit definisjonsspørsmål til grunn i vurderinga av kva som er naudsynt. Er det naudsynt når ein omsorgsgivar ikkje lenger kan halde fram, eller er det naudsynt når ein står i den gjevne situasjonen? Det er rimeleg å anta at gjeldande praksis i Noreg er at ein sjølv må be om, søke om, og ha rett dokumentasjon på at ein behøver hjelp. I realiteten kan ein også, på grunn av byråkratiske strukturar, hamne mellom ulike instansar, i ulike køar, som ein kasteball. Desse forholda bør igjen sjåast på som regulerte av høgare instansar, og ein veit at ressursknappheit kan vere førande for mange praksisar i det offentlege.

I møte med Lea kan ein finne eit bidrag til den pågåande debatten om arbeidslinja og sosialstønad i Noreg, som er prega av ei målsetjing om at «det skal løne seg å arbeide» (Meld. St. 46, u.å.). Boktittelen *Yt etter evne, få etter behov* kan antakast å vere eit nikk til det marxistiske ordtaket av same ordlyd, og i mi tolking finn ein kritikk mot bortfallet av det barmhjarlege menneskesynet og varmen i den moderne norske velferdsmodellen gjennom heile historia. Det er truleg lettare å få omsorg, tiltru og romslegheit som fysisk sjuk, enn som ramma av psykiske plagar, som også er vist gjennom Lea sine betraktningar rundt haldningar ho møter: «Slitne folk har sugerør inn i velferds-kassa, på kostnad av ekte slitarar som blir ærleg sjuke og opplever ærleg naud.» (Nilssen, 2021, s.43).

Samfunnet er stadig meir prega av ei rosemåling av individet som meistrande, uavhengig og sjølvrealiserande (Nåden et al., 2018). Diskursar med økonomiske og instrumentale storleikar pregar samfunnet i alle ledd, og individualisme og sjølvsentrering pregar menneska i vestlege samfunn i stor grad (Nåden et al., 2018). Om desse diskursane skal få rot i dei delane av samfunnet som tilbyr omsorg, som dei kanskje i realiteten gjorde med innføringa av New Public Management på 1980-talet (Christensen et al., 2020, s. 15), vil det opne opp for vanskelege etiske og moralske problemstillingar rundt kven som fortener omsorg.

Av innsikt i omsorgsrolla i *Yt etter evne, få etter behov* presenterast det, sett frå min ståstad, at primære omsorgsgivarar naturleg vil yte *over* evne, og at dette kjem frå kjærleik og moralske implikasjonar, heller enn kapasitet. Gjennom lesinga får ein innsikt i fleirfaldige perspektiv til, og opplevingar med, å gi omsorg, og gjennom analepser får ein danna eit noko meir heilskapleg bilete av kompliserte psykologiske krefter som verkar inn på karakterane i omsorgsrolla. Dermed er det rimeleg å anta at ei lesing av romanen, gjennom imaginære prosessar hjå lesaren, vil auke førekomsten av ei nyansert og sympatisk tilnærming til menneskjer i særskilte omsorgssituasjonar.

Litteratur

- Andersen, P. T. (2012). Fortellerkunstens elementer. I T. N. (red.) (Red.), *Litterær analyse* (s. 27-55). Pax Forlag
- Autismeforeningen. (u.å.). *For pårørende*. Autismeforeningen. Henta 14.4.23 frå <https://autismeforeningen.no/hva-er-autisme/for-pa%CC%8Arorende/>
- Christensen, T., Egeberg, M., Læg Reid, P., Roness, P. G. & Røvik, K. A. (2020). *Organisasjonsteori for offentlig sektor* (3. utg.). Universitetsforlaget.
- Gabrielsen, B. (2020, 8.10.2020). Bokanmeldelse: Olaug Nilssens kirurgiske observasjoner. *Dagens Næringsliv*.
<https://www.dn.no/magasinet/boker/anmeldelser/anmeldt/skjonnlitteratur/bokanmeldelse-olaug-nilssens-kirurgiske-observasjoner/2-1-887108>
- Hamington, M. (2010). The Will to Care: Performance, Expectation, and Imagination *Hypatia*, 25(3), 675-695. <https://www.jstor.org/stable/40928645>
- Helse- og omsorgstjenesteloven - hol. (2011). *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.* (LOV-2011-06-24-30). Lovdata. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30#KAPITTEL_1
- Helsenorge. (u.å.). *Autisme*. helsenorge. Henta 15.4.2023 frå <https://www.helsenorge.no/sykdom/utviklingsforstyrrelser/autisme/#symptomer-pa-autisme>
- Klette, T., Kleiven, T., Kalfoss, M. H., Halvorsrud, L. & Owe, J. (2016). Omsorgens innhold og mangfold. *Tidsskrift for omsorgsforskning*, 2(1). <https://doi.org/https://doi.org/10.18261/ISSN2387-5984-2016-01-05>
- Martinsen, K. (2003). *Omsorg, sykepleie og medisin* (2. utg.). Universitetsforlaget
- Meld. St. 46. (u.å.). *Mål, strategier og reformer i arbeids- og velferdspolitikken*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-46-20122013/id733259/sec3>
- Nilssen, O. (2017, 04.02.2017). *Livet blir annleis* [Interview]. <https://www.parorendesenteret.no/min-historie/livet-blir-annleis->
- Nilssen, O. (2021). *Yt etter evne, få etter behov* (2. utg.). Samlaget
- Norheim, M. (2020, 4.2.2021). Sylskarpt familieportrett *NRK*.
<https://www.nrk.no/kultur/anmeldelse - yt-etter-evne -fa-etter-behov -av-olaug-nilssen-1.15197649>
- Nussbaum, M. (1995). *Poetic justice: The literary imagination and public life*. Beacon Press.
- Nåden, D., Foss, B. & Sæteren, B. (2018). Omsorgens betydning og uttrykk i en klassisk tekst. *Tidsskrift for omsorgsforskning*, 4(3). <https://doi.org/https://doi.org/10.18261/issn.2387-5984-2018-03-06>
- Samlaget. (u.å.). *Olaug Nilssen*. Samlaget. <https://samlaget.no/collections/olaug-nilssen>
- Vroom, V. H. (1964). *Work and motivation*. Wiley.

